

Ola K. Feste (eigar gnr 70 bnr 5) (tidl. Lindås kommune)

Haukåsvegen 18

5912 Seim

Feste 13.10.20

Til Alver kommune

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

**Til utval for areal, plan og miljø.**

Gjeld sak 20/1800 Klage og endringsframlegg til detaljplan Feste kai- og næringsområde – PlanID 1263 – 201609.

I Saksframlegget står det under **konklusjon :**( sitat )

Det er administrasjonen si vurdering at det ikkje har koment fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.( Sitat slutt.)

Opplysningane som er gjevne i klagen er framleis gjeldande, men kan supplerast noko.

**Om vegframføringa til planområdet:**

Denne har no fungert i 2 år utan trafikale uhell eller vanskar.

**Om parkeringsplassane:**

SPA 3: Trur at ei utskifting i regi av Nordhordland Sorenskriverembede står over ein communal reguleringsplan.

SPA 4. Føremålet med kjøpet av denne plassen var å ha parkeringsplassar til dei i alt 8 naustrettane som ligg på vestsida av vegen. I tillegg til kjøpesummen er det brukte ein vesentleg sum for å få plassen i den stand den er i dag. At denne plassen er forbeholdt kundar til nærbutikk ved normal åpningstid verkar difor heilt urimeleg og uakzeptabelt.

Til slutt tillet eg meg å be om ei ny synfaring der ein held plassen og vegen fri for bilar slik at ein kan få ei skikkeleg oversikt.

Mvh.

Ola K. Feste

